

Gulrot eller mjølk – ja, takk, begge delar!

Ein jærsk sjøgard ved tusenårskiftet

MÅLFRID GRIMSTVEDT



Fredag 2. februar 2001 om morgonen fekk eg ein telefon frå Jarle Wiig: "I dag mjølka me kyrne for siste gong i fjoset på Vik. Nå blir dei flytta til garden Thomas forpaktar på Orre..." Nokre timer seinare var eg på Vik utstyrt med fotoapparat og notatblokk. Kvifor fekk eg denne telefonen til museet? Det var på dagen eitt år etter at eg var på Vik i Klepp for å be familien på Opheim vera med på Jærmuseet sitt samtidsprosjekt "Gulrot eller mjølk". Jærmuseet har som oppgåve å dokumentera og forska på det jærske jordbruket både i samtid og fortid. Til det brukar me fotoapparat og notatblokk. Sjå, stilla spørsmål, lytta og notera er museet sin arbeidsmetode. Dette er tradisjonelle arbeidsmetodar for ein etnolog. Kven var så "me" frå museet som stod for arbeidet? Til dette prosjektet brukte me ein artikkelforfattaren. Det var vore både intervjuar, observatør og fotograf utstyrt med digitalt kamera, lysbildefilm og videokamera. Det hadde den ulempa at eg ikkje kunne gjera alt på ein gong. Eg er heller ingen profesjonell fotograf. Men det var ein styrke på det viset at eg var svært fleksibel. Eg slapp å avtala med andre og kunne derfor følgja tettare og raskare opp. For informantane er det greitt å sleppa å ha mange folk å bli kjende med. Frå februar 2000 til februar 2001 var eg på garden 64 gonger.

Å gjennomføra samtidsdokumentasjon på eitt gardsbruk gjennom eit år er ikkje noko som er vanleg å gjera for eit museum, men Hadeland Folkemuseum, i samarbeid med andre museer i Oppland, gjennomførte eit liknande prosjekt på garden Melbustad i 1983.¹

Samtidsdokumentasjon

Då Jærmuseet skulle satsa på eit prosjekt i samtidsdokumentasjon sette me tittelen "Gulrot eller mjølk" for å fanga inn noko me meiner er karakteristisk for dei endringane som skjer i jordbruket på Jæren i dag. Artikkelen til Anne Jorunn Frøyen går nærrare inn på desse endringane i makropersektiv. Museumsprosjektet

Jarle og Thomas på veg mellom fjoset og ein traktoe med dyretilhengar som stod i gardsrommet. Dei hadde nettopp fått dei to siste mjølkekryrne inn til hengaren og var nå på veg med ei kvige som også skulle vera med til Orre. Kviga protesterte mot å forlata fjoset, så her måtte dei både lokka, leia og pressa ho til å vera med. Alle foto er tekne av artikkelforfattaren på Opheim, dersom anna ikkje er sagt.

skal sjå på korleis dette viser seg på ein enkelt gard. I denne artikkelen skal me presentera drifta på bruket Opheim på øvre Vik i Klepp, slik ho var i år 2000. Me har prøvd å finna rytmen i årsyklusen. For jordbruket er framleis basert på den årlege syklusen i naturen: vinter – vår – sommar – haust. Det blir lagt vekt på å beskriva kva arbeidsoperasjonar som blir utført på moderne gardsbruk til ulike tider av året. Arbeidet er bestemt av den driftsplanen bonden har lagt opp. Driftsplanen blir endra over tid og me vil beskriva dei endringane som har skjedd på dette bruket frå 1908 til i dag. Her legg me vekt på generasjonsyklusane og dei endringane i drifta som kvart generasjonskifte har ført til. Kva har

prega drifta til dei tre – fire generasjonane som har skaffa seg utkomme på dette bruket. I den delen av artikkelen gir me også ein nærmare presentasjon av matrikkelgarden Vik.

Drifta på Vik har dei siste femti åra vore prega av grønnsakproduksjon. Sjølv om det stadig har kome nye maskinar som har erstatta manuell arbeidskraft, så er det framleis svært mykje manuelt arbeid på desse gardsbruken. Det siste tiåret har me fått ei ny gruppe jordbruksarbeidare i grønnsakbygdene. Det er utanlandske sesongarbeidare, oftast studentar, som er her nokre månader i året. Me vil også presentera noko av deira historie.

Etter eitt års feltarbeid har me fått eit materiale som gjev innhald og dekning for tittelen "Gulrot eller mjølk". I dagboka mi for 23. januar 2001 har eg skrive: "Eg er fornøgd med tittelen på prosjektet – av to grunnar. 1) Jarle som er ein intensiv grønnsakbonde tenkjer heile tida på korleis han skal klara å halda på mjølkekveten sin. Han ønskjer å driva jorda like intensivt som han gjernå, ved å vekslam mellom grønnsaker og grasproduksjon, men han ønskjer ikkje å ha kyrne på beite heime. 2) Stadig fleire jærbønder sel mjølkekvetane sine og satsar t.d. på rein grønnsakproduksjon. Dei som held på mjølka satsar meir einsidig på husdyr og sluttar med andre vekstar enn gras." Jarle fann si løysing på kravet om å ha kyrne ute på sommarbeite. Han flytta kyrne til eit fjøs på ein annan gard. Andre bønder går saman om samdriftsfjøs.

Kvifor arbeider museet med det moderne Jæren? Er det ikkje så at publikum kjem til museet for å oppleva gamle dagar. Det er den tradisjonelle museumsoppgåva som me også driv med. Me ønskjer å formidla fortida på ein engasjerande måte. Barna får vera med på gardsarbeid. Dei får med vera med når bonden spenner hesten

for hevdakjerra om våren, og dei får vera med å henta stein frå åkeren. Slik lærer dei noko om prosessane som skal til for å produsera mat.

Den gardsdrifta me formidlar på Jærmuseet er ikkje dagens moderne jordbruk. Det er m.a. pedagogiske grunnar til at me har valt hesten og det eldre jordbruket når me tek barna med i gardsarbeid. Men me ønskjer også å formidla kunnskap om dagens jordbruk og dei utfordingane jærfjordbruket står oppe i i dag. Jordbruket i Norge er framleis prega av at familiebruket er den viktigaste driftseininga og at familien utgjer kjernen i arbeidskrafta. Jordbrukethari etterkrigstida likevel vore prega av ei samanhengane omstilling der langtidslina går frå jordbruk som livsform til jordbruk som yrke. Det hastar å dokumentera både arbeids- og livsforma på familiegardsbruka, nettopp fordi dei er inne i ei sterkt omforming.

Me ønskjer å formidla desse endringane gjennom eit materiale som me sjølve samlar inn og bearbeider. Slik får me også eit materiale som kan gje nye generasjonar innblikk i korleis arbeidslivet var på Jæren rundt år 2000. Me håper det vil ha interesse i mange tiår frammover, kan hende like til neste hundreårskeife. Så grunngjevinga vår for å driva samtidsdokumentasjon er at me ønskjer å nytta materialet til formidling i dag, samtidig som me vil sikra oss eit kjeldemateriale for framtida.

Det er også ei annan grunn for prosjektet. Museet si oppgåve er bl.a. å dokumentera den materielle utviklinga i samfunnet. Det å samla gjenstandar er det mest unike ved museene. For å vita kva me skal samla, må me vera i stand til å setta dei inn i ein samanheng - få dei til å sei noko om samtida. Feltarbeidet - dokumentasjonsarbeidet skal gje oss den ramma og hjelpa oss å

velgja dei rette gjenstandane til samlingane våre.

Ei tredje grunngjeving for prosjektet på dette eine gardsbruket er at det skal nyttast som grunnlag for framtidige dokumentasjonar av andre typer gardsbruk. Deter for tidleg å presentera eit gjennomarbeidd analyse av materiale frå Vik. I denne artikkelen vil me formidla eit første oversyn, med tilløp til systematisering og vurdering.

Museumsprosjektet

I dette prosjektet har me fulgt eitt einaste gardsbruk. For nokre år sidan gjennomførte Jærmuseet prosjektet "Med sau en til fjells". Ein del av det prosjektet var at me fulgte tre sauebønder i tre ulike kommunar gjennom eitt år. Me fulgte då bare ein del av arbeidet på garden. Når museet skulle i gang med eit nytt samtidsprosjekt, så var det ikkje mjølkebonden, kornbonden, grønnsakkbonden, tomatprodusenten eller agurkprodusenten me ville dokumentera. I staden ønskte me å fanga samspelet mellom dei ulike delane av gardsbruket. For på dei fleste gardsbruka finn du ein bonde som både er sauebonde, mjølkebonde og potetbonde t.d. I dette prosjektet var me interesserte i alt som blei produsert på garden, og i alle personane som var involverte i gardsdrifta på eit eller anna vis. Dei har alle ein plass i vår historie. For svært få bønder driv garden åleine, sjølv i dag. På den eine sida har han som oftast ein familie med seg. Kan hende har han tilsett arbeidskraft i kortare eller lengre periodar. I tillegg er han med i ulike nettverk: faglag, forsøksring og han får hjelp av konsulentar. På garden foregår det alltid vedlikehald eller nybygging av hus, maskinar og utstyr treng reparasjon og tilsyn. Kva gjer bonden sjølv og kven spør han når hjelpa kjem utanfrå? Det var med andre ord ikkje noko lita og avgrensa

oppgåve me gav oss i kast med. Museet ville teikna bilete av garden som ein vev der mange ulike trådar er fletta saman. Både tynne og tjukkare trådar er med å halda garden saman og bera arbeidet frammover. Korleis er det mogleg å fanga trådane i denne veven? Me løyste den oppgåva ved å følgja rytmene som er på ein gard. Garden produserer mat: gulrot, kål, korn og mjølk. Dei vekslande årstidene bestemmer rytmene i arbeidet. Våren med det veksande lyset er tida for å få frø i jorda, så kan ein nytta sommarvarmen til vekst. Når hausten kjem er tida inne for å få grøda i hus. Slik har rytmene vore i jordbruket gjennom tusenår. Det har gjeve oss førestellingar om onnearbeid: våronn, slått og skuronn – alt til si tid.

Utgangspunktet for denne rytmene er driftsplanen for garden. Driftsplanen på ein gard fortel kva som blir produsert. Om dater mjølkeproduksjon, korngard, kombinert husdyrdrift, grønnsakproduksjon eller korn og skogbruk. Når bonden skal laga seg driftsplan, tek han utgangspunkt i dei naturlege føresetnadane på garden, så som klima, areal (storleik, jordkvalitet, arrondering) tradisjon på garden, bygningsmasse, tilgjengeleg arbeidskraft (eigen og innleigd), økonomi og ytre faktorar som familieløn i bygda, kommunikasjonar, marknads tilhøve mm.

Ein driftsplan må lagast slik at arbeidsåret går ihop. Han må passa på at dei travlegaste arbeidperiodane innan ulike deler av produksjonen ikkje fell saman, men blir nokonlunde jamnt fordelt eller kjem på ei tid då det er mogeleg å skaffa seg ekstra arbeidskraft. Driftsplanen må også ta omsyn til kva garden rår over av maskinar og utstyr til ei kvar tid. Me planla kva som skulle dokumenterast gjennom å få oversyn over driftsplanen på gardsbruket.

Val av gardsbruk

Kvifor var det nettopp denne garden museet valde? Det begynte med eit anna forskningsprosjekt - "Plast i jordbruksbruket" der me kartla korleis plastprodukt blei teken i bruk i jordbruksbruket i tida 1950 til 1975. Ein del av det prosjektet bestod i å intervju bønder som dreiv grønnsakproduksjon, sidan dei er blant storforbrukarane av plast i dag. Prosessen fram mot valet av denne spesielle garden starta i 1998. Me kom fram til dette bruket gjennom ein to-trinns prosess. Me bestemte at det skulle vera ei gard som dreiv med grønnsaker i ei "grønnsakbygd" på Jæren. Då stod valet mellom kommunane Randaberg og Klepp, sjølv om det også finnst grønnsakmiljø i Sola, Sandnes og Hå. Eitt fellestrek i mellom gardsbruka i Randaberg og Klepp er at dei disponerer lite utmark, dvs. avgrensa mulighet til å utvida arealet gjennom oppdyrking av nytt land. Bøndene slapp tidleg opp for utmark til nydyrkning og ekspansjon. I staden satsa dei på grønnsakdyrkning og vekster i drivhus i tillegg til mjølkeproduksjonen. Me valde å gå til Klepp fordi denne kommunen er mindre pressa av industri- og tettstadutbygging enn Randaberg. Jakta på eitt gardsbruk starta med besøk på kommunen sitt landbrukskontor. Her bad me om forslag på gardsbruk der dei dreiv med både grønnsaker og mjølk. Det burde også vera to generasjoner på garden, fordi me hadde ønskje om å følgja gardshistoria så langt som råd bakover. Me fekk fleire forslag. Orre er den største grønnsakbygda i Klepp, og denne bygda er også landskjent for sitt store grønnsakmiljø, både på friland og i drivhus. Me starta med eitt namn på Vik i Orre. Det viste seg å passa dårlig. Men nå bestemte me oss for å finna eit anna bruk på Vik. Me kartla derfor alle som hadde produserte både mjølk og grønnsaker på Vik. Slik kom



Lange rader med kålvekster under plast. Dette er eit vanleg syn i grønnsakbygdene i april måned.

me fram til Jarle Wiig f. 1955. Me intervjuet han sommaren 1998. Det intervjuet galdt først og fremst jordbruksbruket på 1950- og 1960-talet. Samtidsdokumentasjonen måtte venta. Plastprosjektet blei avslutta hausten 1999. Det høvde derfor å starta samtidssokumentasjon i 2000. Me ønskete då å få garden til Jarle Wiig til vårt nye prosjekt. Då eg tok kontakt med han og kona Torunn var dei positive til det nye prosjektet. Sonen Jone er også med i drifta. Han var like positiv. Tilhøva låg derfor godt tilrette for arbeidet.

Frilandsdyrkning av grønnsaker

Gjennom dei siste 50 åra har frilandsdyrkning av grønnsaker etablert seg som ein viktig del av det jærske jordbruksbruket. I denne perioden har matvanane endra seg

mykje. Me et langt meir grønnsaker enn før og me et mange nye typer grønnsaker. Spisevanane endrar seg raskare i dag enn tidlegare. Me er blitt kjende med mange nye grønnsaksLAG, og et mindre av dei meir tradisjonelle. Det har også ført til at bøndene dyrkar nye slag. I dag blir det på Jæren dyrka: gulrot, blomkål, sommarkål, vinterkål, kinakål, salat, persille og jordbær.

Når dagens bonde bestemmer seg for kva han skal dyrka og ikkje minst - kor mykje han skal dyrka av kvart slag, så vurderer han marknaden. Det er med å styra arbeidet. Kva reiskap har han for å foreta slike vurderinger? Grønnsakprodusentane er organisert i gartnerlag og produsentforeningar der dei har eigne styringsgrupper for ulike grønnsaksLAG. Statens Landbruksforvaltning² samlar og formidlar prisoppgåver på produkt og produksjonsmidlar. Kvart år blir det utarbeidd statistikk over omsetning og forventa produksjon.

Bøndene tek også del i eit fagleg nettverk som er svært viktig for å oppnå gode resultat. Fylkesagronomen er ein fagmann som lett kan nås med spørsmål og som er sentral i formidlinga av ny kunnskap. Jæren forsøksring har eigen konsulent for grønnsaker. Det er ein fagperson som samarbeider med bøndene om forsøk og utvikling av grønnsakene. Rennesøy forsøksring har konsulent for drivhusproduksjon. Han blir også nytta av produsentane på Jæren. Norsk Gartner forbund har også ein konsulent her i distriktet som er sentral når det gjeld drivhusproduksjonen.

I løpet av feltarbeidet på Vik var eg med på eit møte i mai 2000 om tidlege kålvekster. Jæren Gartnerlag, Jæren forsøksring og Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga stod for møtet. Her drøfta dei m.a. kor viktig det er å marknadstilpassa produksjonen. Frå 1995 har det vore tollbasert importvern på kål før 1. juni. Etter

den tid er det direkte konkurranse med utanlandsk import. Før den tid kan ein oppnå høgare pris. Men det er viktig at grossistane veit kva tid og kor mykje dei kan få av norske grønnsaker. Derfor prøver produsentane å bygga opp eit kontaktnett seg imellom slik at dei kan informera dei tre store grossistane om kva veke dei første kinakåla, blomkåla, isbergsalaten og gulrota kjem og kor mykje ein ventar å kunna levera. Dette er ei oppgåve Norsk Gartner forbund legg mykje arbeid ned i. For på den eine sida aukar produksjonen av norske grønnsaker, men samtidig blir det importert stadig meir frå utlandet. Derfor er det viktig at produsentane følgjer med og omstiller sin produksjon etter kva som er trenden i marknaden. Konsulent Olav Syversen sa t.d. på dette møtet om forbruket av salatgrønnsakene at trenden var at importert salat aukar i marknaden. I 1993 var 74% av omsett salat dyrka i Norge. I 1999 var bare 56% norskprodusert. I same perioden auka totalforbruket av salat. Dette er noko av den ramma grønnsakbonden må forhalsa seg til når han legg opp driftsplanen for garden sin frå år til år.

To-familiebruk med "utlendingar"

Fagbladet "Bondevennen" presenterte "vårt" gardsbruk under overskrifta "Godt samarbeid om allsidig drift".³ Dei presenterte gardsbrukarfamilien: Jarle Wiig f.1955 og kona Torunn Sveinsvoll Wiig f.1954 som har drive garden sidan 1975. Nå driv dei saman med eldste sonen Jone f.1974. Han har sambuar, Tone Lise og dei fekk sin førstefødde, Tilla, i juli 2000. Dei to andre barna til Jarle og Torunn, Thomas f. 1978 og Bjørn Erik f.1980 bur også heime. Dei har arbeid utanom garden, men er likevel viktige brikker i arbeidet på garden. Torunn har hatt arbeidet sitt på garden frå ho kom dit i 1974. Men



Heimehuset og løa på Opheim. Heimehuset er fra 1908, men er ombygd og påbygd mange ganger, sist i 1986.

frå år 2000 begynte ho å ta vakter på eit psykiatrisk senter, slik at ho hadde deltidsarbeid utanom garden. Folgekona, Borghild, eller Lilly som ho helst er kjent som, feira 80 års dagen sin i løpet av året vårt. Ho var med i gardsarbeidet på heiltid frå ho kom i 1948 til for få år sidan. Nå er ho stadig på farten, til fots eller på sykkel, for å besøka slekt og venner. Det er såleis tre hushaldningar på garden. Jarle og Torunn med dei to yngste sónene bur i hovudhuset som er frå 1908, Lilly har budd i folgehuset sidan det var nytt i 1975. Jone og Tone Lisa har kjellarleilighet hos farmor. Størrelsen på garden og produksjonane i år 2000 går fram av oversynet på side 71.

Opheim hører med til brukta på øvre Vik, austanfor det gamle klyngetunet. Næraste nabo er Kåre Wig as – gartneriet som har meir enn 25.000 m² under glas, men som også driv stort med produksjon av frilandsgrønnsaker. På nedre Vik er det fleire gartneri. Så "vårt" gardsbruk ligg midt i eit tett og stort produksjonsmiljø for grønnsaker.

Gardsbruket og gartneriet blir drive av ein familie i to generasjonar som i tillegg har innleigd arbeidskraft. Her er ingen einsam bonde. Dei gamle drengene er bytta ut med jordbruksstudentar frå Latvia, Bulgaria og Kviterussland. Det daglege språket mellom folka på garden er norsk, engelsk og russisk. To gonger i løpet av prosjektet inviterte eg folka på Vik til museet. Begge gongene var det ei storfamilie på 14 - 15 personar som kom på besøk. Då eg kom i mars traff eg Juris og Maris frå Latvia. Dei kom til Vik i januar og arbeidde for Jone i drivhusa. I midten av mars kom det tre nye studentar frå Latvia. Dei arbeidde for Jarle med frilandsgrønnsakene. Sesongarbeidarane var her på tre månaders kontrakter. Det er ein internasjonal organisasjon, Atlantis, som formidler ungdommane. To av ungdommane er "gjengangare". Det er to brødre frå Bulgaria. Den første kom hit gjennom Atlantis i 1995 og har vore her kvart år sidan. Broren kom året etter for første gong.


Iden mest hektiske sesongen, dvs. frå slutten av april til ut juli, var det 10 – 11 ungdommar som budde og arbeidde på Vik. Det var med andre ord nærmere tjue personar som budde og arbeidde på garden på det meste. Sesongarbeidarane budde i to hybelhus, med plass for to-tre på kvar hybel. Kvar hybel har kjøkken. I det daglege steller sesongarbeidarane seg sjølv på hyblane sine, med i fleire sosiale samanhengar var dei saman med familien. Jarle, Torunn og Jone la vekt på å ta seg av ungdommane på fritida. Dels ved å sørga for at dei kunne komma seg ut på eiga hand, dels ved å ta dei med på tur – Månavoss og Kjerag er populære utfartsmål. Jonsok-kvelden var det tradisjon at gjengen frå Vik brann bål saman med eit vennepar på Orre som også har sesongarbeidare. Det er eit stort fleirtal mannlege sesongarbeidare, men innimellom er det også jenter. Det

var ikke bare på Opheim det var sesongarbeidare. Fleire av naboane var i same situasjonen. Desse ungdommene sökte saman i fritida. Bøndene på Vik har sin eigen private fotballstadion like ved det gamle tunet på Nedre Vik. Her blei det spela volleyball og fotball i helgene.⁴

Rytmen i året

I løpet av året sette eg opp ein detaljert driftsplan for det som føregjekk på Opheim. Her tidfesta eg arbeidet med dei enkelte produksjonane og fordelte det på dei ulike holda^s og åkerstykka. Slik har eg kunna danna

meg eit bilete av kva som skjedde på garden på same tida. Jone står for tomat- og agurkproduksjonen, Jarle og Torunn driv med mjølkeproduksjon og frilandsgrønnsaker. Jone og Jarle leiger inn sesongarbeidskraft etter den erfaringa dei har om kva tid det er mykje og lite arbeid på garden og i gartneriet. I driftsplanen har eg derfor sett opp talet på tilgjengeleg arbeidskraft pr. veka. I det talet er Jone og Jarle rekna med, men ikkje Torunn, Tone Lise og dei to andre sönene. Deira arbeidskraft var også naudsynt, og dei arbeidde heile året. Dei utgjorde ei ekstra arbeidskraft som arbeidde jamnt,



i fjoset t.d., eller som steppa inn som avløysare og for å ta unna ekstra toppar.

Slik eg tolkar driftsplanen og arbeidskraftoversynet, så hadde dei fire ulike sesongar på Opheim: **Våronna** starta andre veka i mars. Då fekk Jarle tre latviare, mens Jone alt hadde to som kom i januar. Jone hadde eigentleg tinga tre mann i januar, men det kom bare to. Fram til første veka i mai var dei 7 – 8 mann i fast arbeid. Frå slutten av april starta haustinga av tomat, agurk hadde dei althausta ein månad og rundt 10. mai starta haustinga av tidleggrønnsakene på friland. Dette var **den tidlege haustesesongen**. Då var det ikkje bare tale om å hausta varene. Agurk blei sortert, pakka i plast og lagt i kassar, grønnsakene blei også pakka ferdig i småkassar. I denne sesongen auka arbeidsoppgåvene monaleg. Så frå første veka i mai og ut juli var 12 – 13 mann i fast arbeid på Opheim. Etter dette var sesongen for frilandsgrønnsaker stort sett slutt. Grønnsakåkrane var tilsådde med raigras og korn. Det som elles skulle haustast var gulrot frå åkeren og tomat og agurk i drivhusa. Frå august til ut oktober var det frå 9 - 7 mann til dette arbeidet. Dette var **den seine haustesesongen**. Det var vel også i denne perioden at Jarle leigte inn flest entreprenørar til gardsarbeid. Både rundballepakking, skjæra, pressa og pakka korn blei gjort av innleigde folk som kom med eigne maskinar. Rundt 15. oktober reiste fire latviare med tre månaders kontraktar heim. Men det viste seg å bli for tidleg, fordi ein våt og blaut haust gjorde at det framleis stod mykje gulrot igjen i åkeren. Sådå måtte Jarle enkelte dagar skaffa seg ekstra arbeidskraft. Han fekk leiga sesongarbeidare frå ein nabogard. Det er fire – fem naboar på Vik som har sesongarbeidare på kvote.⁶ I løpet av sesongen hender det at dei kan koma i knipe for arbeidskraft ein dag eller to. Ein annan dag kan det

vera for lite å gjera på garden. I slike høve bytteleiger dei arbeidarane seg imellom.

I november gjekk dei over i **vintersesongen**. Då var dei bare 4 - 3 mann like fram til i januar. Jone reiv ut av drivhusa og gjorde dei reine og klare til ein ny sesong. Jarle hadde gulrot og kålrot på kjøla. Dette blei sortert. Kålrota blei vaska og selt i vekene før jul og nytta. Gulrota blei pakka og selt utover vinteren. I denne perioden var Torunn meir med enn elles. Arbeidet i fjoset var stort sett det same gjennom heile året.

Dei daglege øktene

På ein gard med mjølkeproduksjon og dyr startar arbeidet kvar dag med fjosstell. Til vanleg var det Jarle som tok den økta. Han gjekk i fjoset om lag klokka 6.00. Dei dagane mjølkebilen kom, måtte han vera klar til levering 7.15. Han var ferdig i fjoset om lag klokka 8.00. Då var tida inne til frokost saman med Torunn. Formiddagsøkta var frå vel 9.00 til 12.00. Ettermiddagsøkta gjekk frå om lag 12.30 til middag klokka 15.30. I fjoset skulle kyrne mjølkast og førast mellom 16.30 – 18.00. Det arbeidet delte Jarle med Bjørn Erik og Thomas, dvs. dei tok kvar sine dagar. Frå mars til oktober var det som oftast ei ny økt etter middagen. Arbeidsdagen var som oftast slutt ein gong mellom 18.30 og 20.00.

Sesongarbeidarene hadde sine eigne økter. Dei arbeidde frå 7.00 til 11.00 og frå 11.30 til 15 .00 eller 16.00. I travle onner kunne dei også ta ei økt etter den tid. Både Jone og Jarle prøvde å orientera dei kvar kveld om kva som skulle gjerast neste morgen. Det varierer frå år til år kor mykje hjelpe dei treng for å komma igong om morgonen. Dette året var Jone som oftast i drivhuset før 7.00 for å starta arbeidet. Når det var gjort, gjekk han inn til frokost. Etter at Tilla var fødd, fann dei seg


rutinar som småbarnsfamilie. Då blei måltidene meir faste og det som delte dagen i økter. Frokost klokka 7.30, føremiddagsmat 11.30, middag 15.30 og kveldsmat før Tilla skulle i seng mellom 18.30 – 19.00.⁷

Eg la fleire gonger turen innom på garden i 9-tida om morgonen. Då traff eg Jarle og Torunn på kjøkkenet. Jone kom ofte innom for å drøfta dagens arbeid eller planane frammover. Farmor kom inn for å henta "Jærbladet". "Det er avdelingsmøtene våre dette," kommenterte Torunn.

Dei runde raude og dei lange grøne

Jone er ein moderne gartnar som har all sin produksjon i drivhus. I denne produksjonen får du ikkje mold under neglene. Men fortsatt følgjer han vekståret i naturen i den forstand at han haustar tomat og agurk i den lyse årstida. Jone har som mål å ala opp alle plantene sine sjølv. Tomatsesongen starta midt på vinteren fordi plantene treng fleire månader før dei første tomatene kan haustast. Tomatfrøa blir sådde på brett av steinull som ligg på bord i oppalshuset. Her er det kunstig lys og automatisk vatning. Då eg begynte å besøka Vik i mars år 2000 stod tomatplantene i drivhuset, så eg fekk ikkje med meg første del av den produksjonen. Derfor fulgte eg med då Jone starta med oppal av nye planter i desember 2000. Då sådde han 3000 planter til seg sjølv og 6000 planter til sal. Tomatene er klare til hausting etter om lag fire månader. I 2000 hausta Jone tomater frå 20. april til 27. oktober.

Agurk er ein plante som veks langt fortare. Det første holdet med agurk Jone dyrka i år 2000 var sådd i romjula 1999. Jone kjøpte halvparten av desse plantene fordi han ikkje hadde hus nok til å ala dei opp sjølv. Plantene blei sette ut i drivhuset etter ein månad og frå slutten av



Aris frå Latvia hentar tomater. Det er tidleg i mai, så dei modne tomatene veks langt ned på stengelen.

februar starta han å hausta frå sine 7200 agurkplanter. Plantene set nye frukter oppetter stengelen. Etterkvart blei plantene 10 – 12 meter lange og bar snaue 6 kilo agurk i snitt. Det blei om lag 18 agurker på kvar plante. Det tok halvannan månad og tida var inne for å riva dei ut. Då stod nye planter klare til å settast inn. Dei siste agurkene blei hausta same dag som dei siste tomaten, 27. oktober. Det var det tredje holdet med agurk for denne sesongen. Dei neste vekene gjekk med til å gjera reint i drivhusa. Alle planteputer blei flytta ut og all plast som dekka golva blei rive ut, før husa blei vaska og desinfiserte. Etter ei grundig reingjering kunne han legga på ny plast og gjera klart til neste års produksjon. Sjå fotomontasjen side ... I Jone sin rekneskap for 2000 står det ikkje kor mange agurker eller tomat han dyrka. På PC-en førte han det som stod på sluttledane han fekk frå grossisten: antall kilo og pris pr. levering. Han førte resultatet i eit program frå Norsk Gartner forbund. Årsoppgjøret viste at han leverte 130 tonn kilo agurk som blei 43,1 kg pr. m². Frå tomathuset blei det levert 46,5 tonn. Det var 35,8 kg pr. m². Han låg litt over landsgjennomsnittet på agurk, noko under på tomat, fordi han hadde ein kortare tomatsesong enn andre dette året.⁸

La våren komma fort

Jarle hjelper også våren ved å starta oppal av frilandsgrønnsakene inne. Han begynte midti februar. Det første arbeidet eg fekk festa på videoen var såing av kinakål. Dei fekk nytt rom til såmaskina dette året. Det var i forromet til Jone sitt nye drivhus. Då eg var der 1. mars var det første gongen dei tok romet i bruk som sårom. Jarle og Jone sette opp såmaskina med transportband og anna utstyr. Torunn var med i såarbeidet. Då dei kom


i gang med sjølve såinga gjekk det vel ein time til desse tre personane hadde sådd 50 000 frø.

Utover våren sådde dei mange gonger. Dei har avtalar med grønnsakgrossistar som skal kjøpa det garden produserer. Desse avtalane seier kva tid garden skal levera og kor mykje dei kan levera. Dette er ferskvara. Grønnsakene skal opp av jorda, sorterast, pakka og leverast frå garden så fort som mogleg. Derfor må bonden rekna ut kva tid frøa skal i jorda for at han skal kunna levera til rett tid. Slik får han ein vekesplan som seier kor mykje og kva slag frø som skal i jorda. Jarle sådde kålevkster på tilsaman 98 dekar jord. Han sådde t.d. blomkål på fem ulike tidspunkt, og han brukte forskjellige sortar. Målet var å få to – tre månaders skjæretid.

Frå midten av februar til ut mai sådde dei tilsaman rundt 500 000 småplanter. Dei nysådde plantene blei sette til groing i oppalshuset der det er kunstig lys og



T.v: Pluggbretta er nettopp fylle med jord og frø.



T.h: Jarle viser fram ein pluggplante. Det er ein tre veker gammal kinakålplante. Han har fin rot og stort bladverk. Om ei veke vil han vera klår til planting.

automatisk vatning. I tillegg stod mange planter i det eldste drivhuset på garden. Dei hadde også eit tredje hus som kunne brukast dette året. Det var det nye drivhuset til Jone. Her var veger og tak ferdig, men det mangla golv. Pluggbretta blei sette utover grusen. I desse to sistnemnde husa måtte plantene vatnast med slang. I vekstperioden må plantene også priklast, eller "pritla" som dei seier på Jæren. Det vil sei at dei sjekkar kvar lita plantepotte. Det skal vera ei plante i kvar. Er det to eller fleire, blir dei fjerna og eventuelt sette over i tome potter.

Såsnart jorda er klar – det vil sei at temperaturen er høg nok, så kan plantene flyttast ut. Men først må jorda pløyast, fresast og gjødslast. Jarle fortel at det optimale er å bearbeida jorda om morgonen og planta same dag. Det vart mange tidlege morgenar på garden i denne perioden. Eg var aldri tidleg nok. Alle på garden veit kor viktig ein dag om våren kan vera. Jarle måtte gå i fjoset kvar morgen og var ikkje klart til å pløya før nærrare klokka ni. Men dei to sønene, Thomas og Bjørn Erik, tok sin tørn. Dei var ute og pløydde før dei gjekk på arbeid til klokka sju. Då kunne Jarle, med hjelp av Jone, gå rett på fresing og gjødsling slik at plantefeltet stod klart til upplanting. Sjølve plantinga var arbeid for sesongarbeidarane. Plantene skulle berast ut av oppalshusa, settast på rammer og køyra ned til åkeren. Såsnart plantene var i jorda kunne Jarle eller Jone køyra over fôra med plastutleggaren. Dei mange små pluggplantene ble planta ut på åkeren frå siste veka i mars til første veka i mai. Alt dette blei dekka med plast nokre veker. Men i slutten av april stig temperaturen, så då må plantene luftast. Dei køyrt over plastfôrene med ein maskin som stakk hol i plasten. Dei siste dagane i april var det hektisk arbeid med å fjerna plasten over kinakål-


plantene. Dei nytta traktor med utstyr for plastavtaking. Då plasten var vekke køyrt Jarle over fôrene med utstyr for å radrena og gjødsla i ein operasjon. Etter dette skulle plantene dekkast til igjen, men denne gongen brukte dei ikkje plast over kvar føre. Nå la dei ut store flak med akrylduk som dekka mange rader med kålevkster. Det arbeidet krev samspel mellom mange personar. Duken blei halden på plass ved at dei spadde jord over ytterkantane.

I dei neste vekene veks plantene fort og treng mykje vatn. Akrylfiberduken er gjennomtrenteleg, så her vatnar dei over duken i den grad regnet ikkje gjer jobben. Poenget med å bruka fiberduken er å beskytta plantene mot insektangrep.

Gulrot under plast

Våronna for i tidleggulrot skulle også gjerast unna samtidig med utplantinga av kål. Gulrota blei sådd direkte på friland. Det kunne skje såsnart jorda var høvelig til planting. 22. mars fekk eg ein telefon frå Jarle: "Nå er me i gang med plantinga. Planta kinakål i går, me fortset i dag og tar resten i morgen. Me måtte ta kålen før tidleggulrota, fordi plantene var komne så langt. Eg skal til Oslo på møte i morgen, men dagen etter sår me gulrota."

Slik hadde det seg at eg tilbrakte mange timer av fredag 24. mars på Vik. Jarle starta dagen med å pløya og horva åkeren "sunnanom vegen". Etterpå blei jorda fresa, samtidig som han gjødsla med fullgjødsel og laga til sengene. Han var nesten ferdig med det arbeidet då eg kom kl. 13.15. Før såinga kunne starta måtte såmaskina stillast om frå haustsåing til tettare radavstand i gulrotsenga. Dei måtte ta tettare rader fordi bredden på senga skulle stemma med plasten som skulle strekkast



Tre foto frå 24. mars 2000:
Frå venstre: Jone sådde
gulrotfrø, Jarle kom etter og
sprøyta med plantevern-
middel. Så blei såbeda trukne
over med plast.
Foto 4: 28. april - Sjå det
spører! Foto 5: 19. juni stod
gulerøttene i fin vekst.

over. Gulrot til bunting blir hausta når ho er mindre enn lagringsrota. Det tok Jarle og Jone ein times tid å gjera klar såmaskina.

Jone kjørte såmaskina, mens Jarle freste ferdig dei siste radene med gulrotsenger. Neste operasjon var sprøyting, før dei kunne trekka plast over sengene. Åkersprøyta måtte først reingjerast, Jarle rekna med å koma i gang med å plasta i 16-tida, dersom han fekk nokon til å ta fjosstallet. Hvis ikkje, må han legga plast dagen etter. For kl. 19.00 skulle han og Torunn stilla på dugnad i samfunnhuset på Orre. Dei skulle servera i ein 60 års dag. Det var med andre ord tid til litt anna enn onnearbeid, sjølv i denne hektiske tida.

Det blei tid til å starta både sprøyting og plasttrekking. Innan Jarle gjekk på dugnad var heile åkeren sådd og ti av radene var sprøyta og plasta. Resten fekk stå til laurdagen.

"Me haustar om våren"

Jarle sådde også gulrot ein månad seinare. Dette var sein gulrot som skulle haustast i september – oktober. Den

såinga fall saman med at han begynte å hausta dei første kinakåla.

Jarle satsa mykje på å vera tidleg ute med kinakål. Dei første vekene på marknaden, før Lier kjem med sine store mengder av kinakål, er prisen høg. Men det er viktig at kvaliteten er god. Jarle er med både i Jæren Gartnerlag og i Jæren Forsøksring. Han rådfører seg med konsulentane og drøftar med kollegaene. Onsdag 10. mai var det markvandring i Jæren Gartnerlag. Dei var hos Johannes Wiig på nedre Vik for å sjå kålrot i havkanten og så bar det opp til Jarle for å sjå på kinakål og blomkål. Det var med vel 30 produsentar og fleire konsulentar. Då fekk Jarle "attest" på at kåla stod bra og var klare til å skjærast.

Neste dag starta haustinga. Iløpet av dei neste vekene blei alt kinakål hausta. Frå 2. juni starta dei å hausta blomkål og tidleg kålrot. I denne perioden såg du traktoren med haustevogna på veg gjennom åkrane jamnt og trutt. Dei hadde to haustevogner, slik at det ikkje skulle bli ein stopp om vogna blei full før dei var komne gjennom det som skulle skjærast den dagen. Arbeidet i



frilandsgroønsakene starta som oftast etter klokka 10 på føremiddagen. For det var hausting i drivhusa også. Jone leverte tomat kvar tysdag, torsdag og laurdag. Han hadde større mengder agurk, så der var det henting i drivhusa kvar morgen frå klokka 7.00 om sommaren. Tidleg og sein i sesongen hausta dei annankvar dag. Når agurkene var hausta i drivhuset, gjekk dei rett til pakkeriet. I 10-tida var som regel dagens agurker klare til å bli lessa på grønnsaksbilen.

Feltet med kinakål på vestsida av heimehuset var ferdig skåre i slutten av mai. 28.mai blei jorda pløydd, slådda, sådd til med bygg og harva. Det var blautt i åkeren då dei sådde. Derfor vaks kornet noko ujamnt. Spesielt næra heimahusa i aust var det tynt. Sommaren var kald og våt.

Dersom me ser på driftsplanen for siste veka i juli, så var det lite å hausta. Dei hadde planta ut nye agurker, men ikkje begynt å hausta igjen. Det var ikkje meir kålrot igjen i åkeren og bare eit hold med blomkål der dei framleis kunne skjera. I tomathuset var det nok å gjera. Men kva med gulrota? Rundt 1. juli var dei før-

ste røtene klare til bunting, men Jarle hadde ikkje avtale om levering før frå 1. august. Så dei kunne ikkje gå laus på haustinga denne veka. I år la han vekt på tidlegproduksjonen av kinakål, blomkål og kålrot. Tidlegare år la han meir vekt på å produsera tidleg-gulrot. Nå var gulrot ein kultur som han skulle levera utover hausten.

Månadskiftet juli/august markerte eit nytt sesongskifte. Det var slutt på dei tidlege grønnsakene. Det vil sei – han hadde framleis eit hold med blomkål som blei hausta utover i august.

Reiskap og utstyr

Til ei så stor og allsidig drift som den me fann på Opheim, trengst det også mykje utstyr og maskinar. Dei hadde t.d. fire traktorar i sving. Det er hurtigkopling på dei fleste reiskapane, bare ikkje på plogen. Det betyr at det går fort og lett å skifta frå eine reiskapen til den neste. Men alt dette skal helst fungera til ei kvar tid. Då må det haldast vedlike. Derfor er dei fleste bønder også "vedlikehaldsmekanikare". Det er ein stor fordel om dei likar å bruka skrujern og skiftenøkkelen. På Opheim hadde

Agurkproduksjonen i drivhus og pakkeri



1. Ivars legg eitt frø i kvar vekstblokk. (31.mars)



2. Ei veke seinare ser vi store frøblad på kvar plante. (7.april)



3. Fem dagar etter har planten fått sine første blad. (13.april)



4. Janis er i ferd med å flytta planter fra oppsborda til vekthuset.



5. Juris og Ivars kjem med nye planter. (14.april)



6. Uplantinga er ferdig. Det står tre vekstblokker på kvar plantepute. Kvar plante har sitt eige dyppe med næringssoppløysing.



7. Det er gått to nye veker, og veksten er tydeleg. (28.april)



8. Her er ein av dei første blomstene, fem veker etter sådagen. (4.mai)



9. Raitis og Aldis haustar agurk. Dei sit på tralle som dei skyver langs rekken med planter.



10. Sånnart haustinga er over, blir agurkene pakka. Oscars kontrollerer at plasten er OK.



11. Agurkene blir sortert i to hovudklassar: 300–400 gr og 400–500 gr.



12. Det er ein stor jobb å riva ut 7200 agurkplanter. Maris står øverst på stillasæt for å hektar ned plantene.



13. Samanrulla planterester blir trilla ut av drivhuset.



14. Ein gong i året blir alt av plast og vekstmedier rydda ut av drivhusa.



15. Her får drivhusa ein grundig vask, før dei blir desinfiserte med formalengass.

Kålvekster frå oppal av småplanter til hausting på friland



1. Jone, Jarle og Torunn sår kinakål i mars. Pluggbretta får ein dusj vatn etter at frøet er lagt i.



2. Såmaskina har to valsar. Den første stikk hol i kvar pluggpotte og den neste legg eitt frø i kvar hol.



3. Jarle demonstrerer "prøting": dei kontrollerer at kvar pluggpotte har ein plante, verken meir eller mindre.



4. Kålrotplantene har stått til oppal i det eldste drivhuset på garden. Her er dei iferd med å bera ut pluggbretta.



5. Planting av kålrot 29.mars. Nærast kjører traktoren med planteutstyret. Bakom kjem ein ny traktor med utstyr for å trekka over plast.



6. To mann matar plantemaskina, mens to andre går bak og ser til at plantene blir jamnt fordelt i såbedet.



7. Jone sjekkar at kinakåla veks godt under plasten den 7. april.



8. Det er blitt 28. april og varmen gjør at plasten må fjernast fra kinakålen.



9. Det er mykje avfallsplast som blir samla og sendt til gjenvinning.



10. Jarle radgjødsler kinakålen såsnart plasten er fjerna.



11. Når store flak med fiberduk skal strekkes over kålplantene, er det nødvendig å vera mange mann og å kunne samarbeida.



12. 11.mai var kinakåla klare til skjæring. Dei neste vekene var haustevogna i åkeren mest dagleg.



13. Janis pussar kinakål, dvs. han skjær vekk overflødig bladverk.



14. Ivars sit i haustevogna og pakkar kinakål i plastfolie og legg dei i kassar klare til levering.

dei fordelen av å ha tre mann med skrunøkkel. Jarle fekk god hjelp av Thomas og Bjørn Erik i dette arbeidet. Thomas har fagbrev som landbruksmekanikar. Han arbeidde dette året som traktorreparatør for Thors Traktor på Reve i Klepp. Det vil sei - han var sjølvstendig reparatør, men med faste oppdrag for bedrifta. I tillegg disponerte han også tida si til eigne oppdrag. Broren Bjørn Erik arbeidde som mekanikar hos Byberg AS, Klepp. Tilsaman var desse to eit viktig arbeidslag heime på garden. Dei bygde ny reiskap. Grønnsakproduksjon er ein spesialitet i norsk jordbruk. Det er stort utval av plogar, slåmaskinar og traktorar hos forhandlare i alle jordbruksbygder. Men gulrotvaskare, plastavtakare, haustevogner og radgjødselare ser ein ikkje så mykje av hos norske landbruksforhandlare. Dette er dels utstyr som ein kan få kjøpa frå utlandet – til ein høg pris. Dels er det reiskap og utstyr som er utvikla i det lokale grønnsakmiljøet. Jæren har gjennom heile 1900-talet vore kjend som den store "plogsmia". Dei mange reiskapsfabrikkane her produserer 80% av all norsk jordbruksreiskap. Her er vegen mellom bonde og fabrikk aldri lang. Når fabrikkane har hatt suksess, så skuldast det mellom anna at bøndene har kome med gode idear til reiskap dei har hatt bruk for. Men nokre bønder har også utvikla ideane sine sjølv og laga utstyr til seg sjølv og naboar. Dei har heller ikkje gått av vegen for å kopiera utstyr dei har sett andre stader. Denne tradisjonen er framleis levande. Det er ein tradisjon som me også møtte på Opheim.

Kring 1994 bygde Thomas og faren den første haustevogna til garden. Thomas var då om lag 15 år. Dei fekk låna ei vogn å sjå etter. Haustevogner blir ikkje laga på nokon fabrikk. Men det er utstyr som dei største grønnsakprodusentane skaffar seg. T.d har naboen Kåre



Ei haustevogn er eit pakkeri på hjul. Inne i vogna blir kålet pakka i kassar, klare til levering. Bak på vogna er det eit transportbelte som går 3–4 meter til eine sida. Derfor kan folk gå og skjæra kål i fleire rader på same tida. Arbeidarane på Opheim skifta om dei tre ulike arbeidsoopgåvene. Ein køyrd traktor, ein pakka i vogna og resten gjekk i åkeren. Dei skifta ein gong i timen.

Wiig tre slike vogner. Dette året bygde Thomas og Bjørn Erik vogn nummer to til heimegarden. Den nye vogna blei modifisert i forhold til den første. Ho blei laga slik at det var plass til 6 pallar på golvet og med noko større takhøgde enn den første. Nå kunne dei stabla 10 kassar i høgda. Det var også viktig å gjera høgda frå golvet til bakken større. For desse vognene blir kjørte rett over kålet før det blir skore. Då dei laga den første vogna, måtte dei også laga transportbelte sjølv. Til den nye vogna hadde Thomas kjøpt eit brukt belte frå ein Faun potetopptakar. Bjørn Erik løyste oppgåva med å tilpassa drivet på beltet til vogna og setta på motoren.

Jarle hadde også bestilt ein annan maskin dette året. Det var ein radsåmaskin for gjødsel. Dei skulle bygga om ein såmaskin etter modell frå ein nabo. Gjødsels-



Gartneriet på Opheim bruker mykje drivstoff, både til drivhusa og til traktorar og anna utstyr. Derfor har dei eigen drivstofftank. Då bensinstasjonen på Pollestad skifta ut sine pumper denne hausten, fekk Thomas hand om ei av desse. Så nå har dei ein hendig tappestasjon på garden.



Bunting av gulrot 15. august 2000. Dino er like blid sjølv om regnet silar og skodda ligg tung over åkeren. Han lagar fire-fem buntar før han legg dei i vatn i samlekassen. Vatnet gjer det lettare å vaska dei reine etterpå.

åaren skulle brukast bl.a. i kinakål. Men prosjektet blei ikkje fullført det året.

I mars, april la dei kilometervis med plast over grønnsakradene. Plasten blei lagd ut maskinelt. Det utstyret blei oppfunne sist på 1960-talet. Noko seinare fann gulrotprodusentane på Brusand på å laga ein plastavtakar. Det er i bruk av mange nå. Thomas har laga tre slike. Dei gjer arbeidet med å fjerna plasten til ei enklare og mindre arbeidskrevande oppgåve.

Om hausten var det broren Jone som bestilte utstyr av Thomas. Ein trailertilhengar med lift blei ombygd slik at han kunne slepast av traktoren. Slik fekk Jone ei isolert transportvogn til nye planter.⁹ Den brukte han når han selde tomat og agurkplanter til naboar.

Gras, korn og gulrot pregar hausten

August månad i 2000 var regntung. Ein morgon i midten av månaden ringte eg til Jarle for å høyra kva som var

på gang. Dei var i ferd med å bunta gulrot som skulle leverast denne dagen. Jarle visste ikkje kva tid han ville få høve til å levera bunta gulrot neste gong. Så eg dro til Vik med fotoapparat og videokamera sjølv om skodda låg tett og regnet silte.

Regnet fortsette å laga augreie for gulrotproduksjonen dette året. Det var så blautt at Jarle ikkje fekk tatt opp stort med maskin. Siste veka i oktober var eg igjen i ein vassblaut gulrotåker på Opheim i silande regn. To mann gjekk med greip og løsna røtene, fira mann gjekk bak og plukka i bøtter. "Dette er som i gamle dagar," var Jarle sin kommentar. "Før i tida gjekk me slik som dette heile sommaren og hausten. Då leverte me til gulrotvaskeriet." Dagen før hadde dei teke opp 20kassar gulrot med maskin. Han rekna med at dei kunne få opp ti kassar for hand denne dagen. Det monar framfor å la dei råtna ned i åkeren, meinte Jarle.

Innimellan var det også fine dagar. Slik som dei

dagane då eg filma pakking av gras i rundballar og legging i flatsilo. Hos Jarle og Torunn er grasproduksjonen tilpassa grønnsakproduksjonen. Dei hadde tre felt som var isådd med gras frå året før. På desse felta slo dei 1.slåtten sist i mai og dei første dagane av juni. Noko gjekk til rundballar, men det meste blei lagt i dei to høgsiloane på garden. Det var fem felt som blei sådd med raigras etter at dei var ferdige å hausta grønnsaker. Det vil sei at dei blei sådde frå først i juni til i slutten av juli. Det var med andre ord svært ulik lengde på vekstsesongen for graset på Opheim. Nokre felt blei fôrhausta tre gonger, andre to og det siste feltet bare ein gong. I begynnelsen på september laga dei også ein flatsilo, der dei la i frå tre ulike felt. Dei slo og fortørka graset sjølv. I fortørkinga køyrrer dei gjennom graset med ein "spratlar", ei rive som snur og vender graset. Dei slo graset til flatsiloen ein fredag, vende det laurdag og søndag og la det i flatsilo på mandagen. Grashaustinga, jordbearbeidninga, gjødselkjøring er av dei oppgåvane som manfolkja på garden, alle fire, gjer sjølv. Sesongarbeidarane er ikkje med på dette.

Det er raigraset som får all blautgjødsla på garden. Bakom løa ligg det nedgrave ein tank som rommar 200 000 liter. I tillegg har dei ein mindre tank ved løeveggen. Tidleg i september var eg på garden for å filma spreilinga. Då var den store tanken tømt, så Jarle henta frå den vesle. Og sidan dette var etter 1.september, måtte Jarle få dispensasjon for å få ut denne siste blautgjødsla.

Maskinentreprenørar

Sjølv om dei har mykje maskinar og utstyr på Opheim er det ikkje alt dei sit med sjølv. I grashaustinga nyttar dei maskinentreprenørar til å pressa og pakka i rundballar. Dei leigde også inn ein spesiell slåmaskin, fin-

snittar, då det fortørka graset skulle leggast i flatsilo. Rundt 20. september stod byggåkeren klar skjæring. Med så liten kornproduksjon kan ikkje det svara seg å ha hausteutstyr sjølv. Det er dessutan lett å få folk med utstyr til å gjera arbeidet. Jarle ber oftast ein nabo, Asbjørn Scheie på garden Skeie om å ta skjæringa. Han har både skurtrøskjaren og to vogner til å frakta kornet til mølla. Det tok omlag to timer, frå 13.00 til 15.00 å skjæra heile åkeren. Då var dei to kornvognene fylle. Halmen låg att i striper på åkeren.

Då skjæringa var i gang, måtte dei finna ein som kunne pressa halmen. Det var viktig å få det gjort medan det var fint opphaldsvêr. Jone ordna den saka. Even Salte er maskinentreprenør og på Jone sin alder. Han bur på Salte, nokre få kilometer frå Vik. I tillegg til halmpressa har han sjøllessande vogntil gras og 4-skjærer vendeplog. Med dette utstyret skaffar han seg oppdrag det meste av året. Han tek også med seg noko ekstra mannskap når det er naudsynt. Nokre rolege månader på vinteren skaffar han seg anna arbeid. Men nå var han i sving med maskinane sine. I 17-tida var han på Opheim og pressa 25 halmballar. Då stod bare siste del av skuronna igjen. For at halmen skal bli fordøyaleg som før må han tilsettast ammoniakk før han blir pakka i plast. Jarle fekk ikkje tak i ein maskinentreprenør som kunne gjera arbeidet før seint denne fredags kvelden. Det var ei därleg tid for museumsdokumentasjon. Så museet filma dette arbeidet på ein annan gard nokre dagar seinare.

Konsulentar

Det er stadig selgare innom på garden og gartneriet. Jone tykkjer det er viktig å soķa råd frå fleire hald, og selgarane er fagfolk som han nyttar som konsulentar. Han er medlem av Rennesøy Forsøksring, fordi dette



Jone held Grete Sylling for å vera den beste konsulenten på agurk her i landet. Denne dagen nyttar han m.a. høve til å drøfta om han skal dyrka agurkene etter nedfyringsprinsippet i det nye drivhuset, slik han er van med, eller om han skal gå over til å toppa plantene når dei har ei viss lengd. Då vil det veksa utfleire greiner, som ein paraply, og han kan hausta agurk utan å måtta fira plantene ned heile tida.

er den ringen som har mest fokus på drivhusproduksjon. Jone rådfører seg mykje med konsulenten der, Ørjan Omdal. Tidleg i september var eg med då to av veksthuskonsulentane kom for å drøfta neste års produksjon med Jone. Det var Dag Hope frå LOG. Han har kontor i Bergen og dekkjer heile Vestlandet med sitt sal av driftsmiddel. Grete Sylling representerer firmaet Ticon Perlite og har heile Norden som salsområde. Ho sel m.a. det syntetiske vekstmediet Perlite. Jone kjøper også mykje driftsmiddel frå eit tredje firma, Vekstmiljø. Slik

får han ulike synspunkt på drifta i tillegg til at han kan sikra seg dei beste prisane.

Vinter på Vik

27. oktober henta Jone agurk og tomat for siste gong den sesongen. Då var det allereie tomt for sesongarbeidare i hybelhusa. Dino og Melih drog med fly til Tyrkia tidleg i oktober. Midt i månaden køyrt Raitis, Aldis og Oscar i eigen bil heim til Latvia. Både Jone og Jarle kom derfor i beit for folk ei vekes tid. Men dei fekk leiga fem mann frå ein av naboeane desse dagane. 25. oktober kom to nye sesongarbeidare til Jone. For første gong fekk han studentar frå Kviterussland. Dei skulle hjelpe han med vinterarbeidet. Dei aller fleste utlendingane som gjennom åra har kome til Opheim har funne seg vel til rette og reist heim etter avtalt tid. Men av og til hender det at arbeidgjevar og arbeidstakar ikkje kjem utav det med kvarandre, og arbeidtakaren må reisa heim før tida. Det hende ein gong det året eg var på Vik. Verken Aleksandr eller Aliaksey frå Kviterussland hadde vore ute i arbeid før. Dette var også deira første utanlandsopphold. Aliaksey var flittig og arbeidsom, men Aleksandr blei sendt heim etter ein månad. Jone brukte mykje tid på å forklara han arbeidet og kva slags oppførsel han venta seg, utan at det blei betre. I januar fekk Jone nok ein student frå Kviterussland. Ihor kom frå same universitet som dei to andre og kjende til dei. Han hadde si eiga forklaring på kvifor Aleksandr ikkje hadde makta å tilpassa seg. Det er mange som reiser ut, og som kjem heim og fortel historiar til dei nye studentane. Ihor hadde sjøl vore i England før han kom til Vik. Hans historie derifrå var slik han sjølv hadde hørt om på førehand. Han arbeidde hos ein jordbærprodusent i Sør-England saman med 140 andre sesong-

arbeidare. Dei budde 14 mann på eit rom som ikkje var stort større enn den hybelen han hadde åleine på Vik. Dei betalte 1000 kroner pr. månad for kost og losji. Det var høgare pris enn andre stader, fordi bedrifta reklamerte med at dei hadde badebasseng og tilgang til PC. Badebassenget viste seg å vera utandørs og det var ein PC til alle 140. Maten var av billegaste sort. Dei arbeidde dels på akkord og dels på timeløn. Dei arbeidde under ein "supervisor", ein arbeidsleiar. Når han ikkje var tilstades, kunne dei sluntra unna arbeidet, men likevel tena godt. – Slike historiar hadde Aleksander med seg då han kom til Norge. Men istaden for å bli ein blant meir enn hundre, blei han ein av to arbeidare, og istaden for ein tilsett "supervisor" var det arbeidsgjevaren sjølv som rettleia og som ofte var med i arbeidet også. I tillegg kom det at dei ikkje kunne nok språk. Når Jone forklarte kva dei skulle gjera, på engelsk, og etterpå spurte om dei forstod han, så svarte dei ja. Men til Ihor fortalte Aliaksey at ingen av dei forstod noko.

Frå tomat og agurk til gulrot og kålrot

Såsnart den siste leveringa var gjort frå drivhusa, gjekk Jone i gang med reingjering og desinfeksjon. Først blei alle plantene skorne ned og køyrt ut, så skulle planteputer og all plasten på golvet rullast saman og berast ut. Dei store mengdene plast blei kjørt til resirkuleringsbedrifta FF-Resi AS på Vigrestad. Det tok ikkje mange dagane å riva ut av husa. Etterpå var det tid for å gjera utbetringar i husa. Jone driv tomatproduksjonen saman med Odd Bekkeheien i hans drivhus. Huset er frå 1985. Denne vinteren skifta dei ein del av røyra i taket. Dei to røyrleggjarane Ove Skjæveland og Svein Soltvedt fortalde at dei utfører om lag 90% av arbeidet i drivhusa på vinterstid. Skjæveland har arbeidd med drivhus sidan 1966. Det

er to røyrleggjarfirma på Jæren som har spesialisert seg på drivhus. Men når det skal settast opp store, nye hus kjem det oftaast fagfolk frå Danmark.¹⁰

På kjøla blei det sett inn kasse på kasse med gulrot og kålrot utover hausten. I pakkeriet skifta dei over frå å pakka agurk til å pakka vintergrønnsakene. Kålrota blei vaska og pakka i 20 kg sekkar, mens gulrot blei sortert og pakka uvaska i 2 kg plastposar. Dette var arbeid som Torunn og Jarle stod for, saman med annan, meir tilfeldig arbeidskraft. Igjen var det etterspørselet som bestemte kva tid dei skulle pakka.

Jone sin vinter var kort. Han starta oppal av tomatplanter for sal og til eige bruk midt i desember. Vel 10 000 frø blei lagde eit i kvart hol på plantebrettet. Etter to veker blei kvar nyspirt plante snudd på hovudet ned i kvar si vekstblokk. Dei stod utover bordene i oppalshuset med lys store delar av døgnet. Etter ei veke

Jone og Aliaksey brukte centimetermål då dei sette 10 000 tomatplanter utover golvet. Dette var tredje gongen plantene blei flytta på.



blei dei flytta til det nye drivhuset. Plantene er så ømfintlege for temperaturskifte at dei blei sette på ei pakketralle og innhylla i plast for at dei ikkje skulle få kuldesjokk på vegen. I det nye drivhuset er det undervatning. Så her blei dei 10 000 plantene sette tett i tett på golvet – 40 stk. pr. m². Nokre dagar seinare blei dei flytta igjen, slik at dei stod 18 pr. m². Jarle undrast kvifor Jone ikkje berre sette dei direkte til 18 pr. m². Det var ein stor jobb å flytta alle plantene ein gong ekstra. Jone hadde vurdert dette nøyne og rådspurt seg hos to konsulenter. Dei ga kvar sitt råd. Men i ettertid fekk eg den kommentaren frå Jone at dette kom han aldri meir til å gjera. Det var ein lærdom betalt med vonde knær og stiv rygg.

Det var ei spennande tid for Jone – første sesong med oppal av planter for sal. 24. januar var eg igjen på plass. Den morgonen leverte han sine første tomatplanter til Kjetil Orre. Det er om lag 1,5 km mellom dei to gardane. Jone lesste i den nye tilhengaren og på Orre stod Kjetil klar med folk til å få plantene utover. Men først blei plantene sjekka av planteinspektøren. Jone vil helst selja kontrollert vare.

Eitt år var nå gått sidan eg starta dokumentasjonen på Opheim. For Jone var dette eit år der han tok eitt løft i arbeidet med å etablera gartneriverksamd på Opheim. Han fekk bygd drivhus og starta produksjon av små-

Planteinspektør Anne Skibnes frå Statens Landbruksstilsyn sjekkar m.a. at plantene ikkje har skadedyr og er komme langt nok i utviklinga av planta.



planter, som tillegg til produksjonen av tomat og agurk.

For Jarle og Torunn gjekk frilandsdyrkingsa i same sporet som året før, men den dagen i februar 2001 då dei flytta mjølkekyrne ut av fjoset tok også dei eit viktig steg vidare mot det å bli reine grønnsakprodusentar. Frå denne dagen tok Thomas over ansvaret med den daglege mjølkinga, og Jarle tok over rolla som avløysar.

Då var tida igjen inne for Torunn og Jarle til å ta seg ferie. Då eg starta på Vik var dei på cruise i Mellom-amerika. Då eg avslutta reiste dei på ferie til Australia.

Kan garden gje plass for fleire familiar?

Det året me fulgte arbeidet på Opheim var m.a. prega av at familien er inne i eit generasjonsskifte. Det er eit skifte som har gått over fleire år og som på ingen måte var over då me kom til gards. Jarle og Torunn er ennå relativt unge bønder og har ikkje tenkt å trappa ned. Men dei er begge svært opptekne av at neste generasjon må få sleppa til i ung alder. Interessa for jordbruket bør helst utviklast frå bleiealderen, meiner dei. Dei tre guttane har alltid vore med i åkeren og elles på garden. Det vitnar bl.a. avisutklyppet på side 70 om. Dei har alle tre likt gardsarbeidet. Men Jone er eldst, så foreldra meiner det kom naturleg både for dei og han at det var han som skulle vera på garden. Jone tok allmennfag på vidaregåande skule. I ettertid ville han heller ha valgt ei yrkesfagleg line, som elektro t.d. Det hadde han hatt meir nytte av. Han var ferdig med skulen i 1993. Vinteren 1996 – 97 utdanna han seg til gartner på Dømmesmoen ved Grimstad. Han fekk godtgjort arbeidet og praksisen heimefrå, slik at han fekk eksamen etter eitt års skulegang.

Mens Jone gjekk på Dømmesmoen arbeidde foreldra med planar for korleis drifta på garden kunne utvidast




Øvre Vik den 19. juni 1954.
Her ligg garden til Tore
K.Wiig nærmest, så Bjarne
Bekkeheien og Jonas og
Lilly Wiig. I rekka bakom
ligg frå venstre Cornelius
Wiig, Rasmus Wiig og
Andreas Wiig.
Foto: Widérøe's
Flyveselskap A/S.
* Klepp kommune.



27. juli 1962 tok Widerøe's
Flyveselskap A/S dette
fargefotografiet frå øvre
Vik. Garden til Jonas og
Lilly Wiig er lengst til
høgre. Vidare mot venstre
ligg gardane til Bjarne
Bekkeheien og Tore K.
Wiig. Midt i bildet er
garden til Gabriel Wiig.
Bakom ligg Erga og
Ergavatnet og lengst bak
Orrevatnet.
* Klepp kommune.



Øvre Vik med nedre Vik i bakgrunnen. Lengst til
høgre er gartneriet og garden til Kåre Wiig, i midten ligg husa til Odd
Bekkeheien. Her leigte Jarle jorda på denne sida av tunet og Jone dyrka
tomatene sine i drivhuset til Bekkeheien. Den store trekanten som går frå
venstre hjørne, på begge sider av vegen nærmest, og seinare på venstre side
av vegen, er garden til Jarle og Torunn Wiig.
Det er 13. april 2001. På det meste av arealet er det gulrot og kålvekster
dekkja med plast. Fotografen er Tor Ødemotland. Han tok bildet for
Jærmuseet frå sitt vesle mikrofly.



"Gulrotrekord?" var tittelen på innlegget i Jærbladet då dei tre brørne Thomas, Jone og Bjørn Erik var i avis i 1984. Den store gulrota var på 1,5 kg. Bjørn Erik viser stolt fram ei gulrot som har vakse inn i ei gammal fiskevekt.

Foto: Jærbladet.

til to-familiebruk. På den tid var det marknadsdekning for dei fleste grønnsakproduksjonane. Som aktiv organisasjonsmann fortstod Jarle at det var behov for auka produksjon av agurk. Så dei spurte grossisten om dei var interesserte i meir prouksjon. Det var dei. Då fekk Jone ein telefon heimanfrå til Dømmesmoen: "Vil du satsa på drivhusproduksjon av agurk?" Han tok betenkningstid, men slo så til. Dermed sette dei i gang med å bygga nytt drivhus på 3000 m² og eit oppalshus, småplanteavdeling på 200 m². Det stod ferdig i juni 1997. Det var starten for Jone. I 1999 fekk han høve til å gå saman med naboen, Odd Bekkeheien, om tomatproduksjon i hans drivhus. Bekkeheien har drive med tomatproduksjon i mange år. Han overlot det praktiske arbeidet til Jone, men fulgte med som rådgjevar. Jone

er stadig iferd med å bygga vidare på drifta. I vekene før me starta prosjektet vårt i mars 2000, blei det sett opp vegger og tak i eit nytt drivhus. I løpet av året blei huset gjort ferdig. Her er det eit vekstrom på 600 m² og eit forrom på 100 m². Dette gav rom for å auka prouksjonen av småplanter. Etterkvart begynte Jone å selja planter i tillegg til dei han brukte sjølv. For året 2001 samarbeidde Jone med Tjalve Braut om tomatproduksjon i hans to drivhus, 5 – 6 km frå garden. Han er med andre ord framleis i etableringsfasen.


Kva så med brørne? Thomas hadde også lyst på gard. Foreldra støtta han i planane då han hausten 2000 bestemte seg for å pakta eigen gard frå årskifte. Det er ein gard med 350 dekar jord på Orre. Der leigte Jarle jord til grønnsakproduksjon i 2001. I tillegg gjekk han saman med Thomas om mjølkeproduksjonen. Dei flytta mjølkekryrne frå Opheim til fjoset på Orre, samtidig som dei flytta ungdyra på Orre til Opheim. I tillegg fann dei ut at fjoset på Opheim kunne nyttast til "føde- og barselstova". Det vil sei at kyrne kjem til Vik når dei skal kalva og blir der den første tida etterpå.

Bjørn Erik har ennå ikkje etablert seg for alvor. Han var ferdig med vidaregåande skule i 1998. På fritida dreiv han mellom anna med konkurranseploying. Etter skulen arbeidde han tre år hos Byberg AS og fekk då fagbrev som maskinarbeidar. Han begynte seinare hos Stangeland Kran, Sola, der han er mobilkranførar.


Dersom Jærmuseet hadde gjennomført sitt samtidsprosjekt på Vik eitt år seinare, ville svært mykje i drifta altså vore annleis. Det illustrerer kor store endringar som er pågang. Men familien på Opheim er ikkje ein typisk gardbrukarfamilie frå Jæren. Her har dei tre søner som alle er djupt engasjerte i jordbruk og gardsarbeid. Det er nok meir vanleg at foreldra strevar med å finna

HUSDYR	1955	1965	1985	2000
Hest	3	1		
Mjølkekryr	11	16	18	15
Ungdyr	8	12	29	23
Sauer	4	4		
Purke	2	7		
Slaktesvin	44	38		
Høner	150		1250	

BRUK AV AREALET



DRIVHUS areal



Bruket Opheim, VIK q.nr 39, b.nr 10 - endrin qar i dyretal o q bruken av arealet frå 1908 til 2000

Vi har ikkje tal for husdyr før 1955. Kjelder: Skjema for ulike vekster 1941 - 1945 frå Landbrukskontoret i Klepp, Dyretal henta frå dagslister for anvising av kraftfor 1955, 1965, 1975, Søknad og registreringsskjema for produksjonstillegg i jordbruket. Arealoppgåvane er frå intervju på Jærmuseet og Skage 1957:24ff.

ein blant barna som ønskjer å overta drifta. For det er ikkje lengre slik i Klepp som geografen Axel Sømme skrev i 1952:

"Jordbruksbefolkingen er bønder i ordets egenligste forstand. Fra mine besøk på de større gårdene har jeg ofte notert at samtlige sønner i en stor barneflokk er blitt eller vil bli gårdbrukere. Da det er stor etterspørrelse etter jord, må det ofte skje ved at yngre sønner kjøper gård i en annen landsdel."

Bønder på gammal kulturjord


Me skal i siste del av artikkelen presentera forhistoria til bruket Opheim på Vik. Dette er ein sjøgard i Orre sokn, Klepp kommune. Her er det flatt lende og inga livd for havet. Sandstrendene går over i sandblanda jord og lengre inne går fast åkerjord over i myrstrekningar. Vik er blant dei eldste og største gardane i Klepp. Her vaks det fram eit mangbølt tun i mellomalderen. Tunet låg på strandvollen, "rinnå" omlag 10 moh og berre 600-700 m frå strandkanten. Innafor denne strandvollen fell terrenget noko. Tunet, med åkeren rundt, ligg der terrenget er sjøldrenerande. Dette var den vanlege plasseringa av gardane på Jæren like til langt ut på 1800-talet. Matrikkelgarden Vik har eit areal på omlag 2 500 dekar. Rundt år 1800 var det 6 brukarar her som hadde omlag 10 dekar åker og 36 dekar eng i gjennomsnitt. Dei resterande 90% av garden var utmark. I løpet av 1800-talet førte ny teknologi og nye driftsmåtar til at større deler av utmarka kunne dyrkast opp. Ein føresetnad for den utviklinga var at jorda blei utskifta mellom brukarane, slik at kvar bonde fekk råderett over eigne areal. Det var fire jordskifte på Vik i løpet av 1800-talet. I 1836 vart den gamle teigblandinga i innmarka oppløyst. Tunet vart ikkje oppløyst, men det blei drege

grenser mellom brukena som radiar i ein sirkel frå tunet og ned mot sjøen. I 1860 var det ny deling av innmarka. Nå vart det laga parallele teigar på deler av innmarka som ikkje var skifta før. I 1883 blei for første gong deler av utmarka skifta. Fleire teigar er mindre enn 100 m breie og meir enn 1200 m lange. I 1888 vart Skeie-vatnet som grensa til Vik i sør, uttappa. Her fekk gardane på Vik heile 500 dekar ny jord som vart delt mellom brukarane. Dei mange mindre utskiftingane vart avslutta med at det i 1897 vart tinglese jordskifte over innmark, utmark og tangstrand på Vik. Denne utskiftinga vart endeleg avslutta i 1905. Då var all jord innan matrikkelgarden Vik skift på sjøleigande bruk.¹²

På dette tidspunktet var omlag 2/3 av arealet framleis utmark. Skilnaden på åkerarealet mellom 1800 og 1900 låg først og fremst i at ein hadde teke i bruk arealet på øvre Vik, dvs den delen som ligg aust og nord for gamletunet. Her vart jorda rydda på den tid då ein skifta spadebruket ut med plogbruket. Jorda blei grøfta og rydda og steinen blei lagt opp i lange steingardarar i skiftelinene mellom brukena. Dette delingsmønsteret fra sist på 1800-talet vart ikkje brote ned gjennom første del av 1900-talet, trass i Vik frå 1907 til 1935 fekk sju nye bruk. Dei sju nye brukarane busette seg alle på øvre Vik, på kvar sine teigar. Desse nye brukka var i gjennomsnitt noko mindre enn det som var igjen på dei gamle brukka, 136 da mot 233 da.¹³ Men etter jærske forhold var alle desse brukka store.

Bruket Opheim blei utskilt i 1908


"Vårt" bruk, nr. 10, er det første av dei nye brukka. I 1908 fekk ein av sønene på bruk nr. 6, 107 dekar av farsgarden. Johannes Cornelius Wiig (1877-1956) var nummer to i sin søskensflokk. Han busette seg og fami-



Matrikkelgarden Vik, Klepp kommune i 1905.

1. Dyrka jord. 2. Anna mark. 3. Vassjuk mark ved munningen av bekken fra Skeievatn. 4. Vegar. 5. Eigedomsgrenser etter jordskiftef. A-G var felles hamnehage. Teigen i nord utan bokstav er ein gammal husmannsplass. Kjelde: Jordskiftekart tatt opp i 1895, overjordskifte blei avslutta i 1905. Skeievatnet er seinare tappa ut.

Begge karta med opplysninga er henta frå Olav R. Skage: Landsbygd i utvikling. Ei granskning av landskapsutviklinga i Klepp kommune på Jæren etter 1800. Oslo 1967.




Matrikkelgarden Vik, Klepp kommune i 1945.

1. Dyrka jord. 2. Kulturbete. 3. Strandlinje. 4. Felles strand for tørking og brenning av tare. 5. Planting av buskfuru. 6. Vegar. 7. Open grøft. 8. Eigedomsgrense. Store bokstavar for dei sju gamle brukka, som framleis ligg i eitt tun, små bokstavar for nye bruk. Desse har same bokstav som det gamle bruket dei er utskilt frå, med unntak av h, som er ein gammal husmannsplass. Det bruket har fått jord frå fleire av dei gamle brukka. Det største bruket (D) er delt etter 1945. Etter W. Andersens målingar.

lien midt på den lange, smale teigen som utgjer bruket Opheim. Omlag halvedelen, dvs. 50 dekar, var dyrka til åker og eng på den tid. Det var jorda nedanfor husa - ut mot vest. Den nye brukaren rydda nytt land etterkvart.¹⁴ Han blei gift med Anna Magretha (1880-1959) frå Haugland i Time. Dei fekk 5 barn og dreiv garden i 40 år.

Bøndene på Vik hadde frå gammalt hatt sauherd som nyttet beite langs sjøen og i utmarka. I denne perioden vart lyngmarka omskapt til kulturbete og sauene måtte



Bruket Opheim i 1935.
Foto i privat eige.

drive eit bevisst formoldingsarbeid gjennom lang tid. Her hadde dei ein viktig naturressurs som dei nyttet. Det var taren som la seg på stranda. Tare er blitt nyttet til gjødsel lang tilbake i tida. I tillegg gjorde jærbuen gode pengar på å brenna taren frå 1870-åra til like etter 1930 og selja oska til jodproduksjon. Men vinterstid vart taren henta for å bli nyttet til gjødsel. Bøndene laga store mittingar ute på åkrane. Her la dei først ein fot med distriktet: allsidig åkerbruk og dyrehald: Dei dyrka potet, gulrot og korn. Av dyr hadde dei ku, gris og høner. Dyrkingsoppgåver frå 1939 til 1945 fortel at siste normale året før krigen, 1939, var det 40 da åker på Opheim. Heile 24 da vart nyttet til havre og 9 da til potet. Det var litt bygg, noko til grønnsak, fôrnepe og mest til forbete. Resten av den dyrka jorda var eng. Her blei 28 da nyttet til slått og 20 da til beite.

Dei neste åra var produksjonen prega av krigen. Det kan likevel sjå ut til at noko av det dei då slo inn på var produkt som dei også ville fortsetta med seinare. Kveiteåkeren på mellom 0,5 og 3 da forsvann seinare.



Bureisarane på Opheim; Johannes Cornelius Wiig og kona Anna Magretha fødd Haugland i Time. Her er dei ute i hagen ein dag tidleg i 1950-åra.

Men i krigsåra dyrka dei gulrot på mellom 2,5 og 5 da og det var noko dei satsa meir på i etterkrigstida.

Den første grønnsaktida - Jonas og Lilly fra 1948
I dag bur farmor Lilly i folgehuset på garden. Frå kjøkkenvinduet har ho utsyn til hybelhus, drivhus og pakkeri. Det er greitt med dei mange ungdommane på garden, meiner ho. Ho har vore vitne til ei voldsom utvikling. Det går helst så fort at ho ikkje klarer å følgja med, men ho tykkjer dei er driftige, alle saman.

Sjølv kom ho til gards i 1948 då ho gifta seg med Jonas. Han var fødd på garden i 1913 og overtok drifta etter far sin same året som dei gifta seg. Lilly er fødd i 1921 på Bore i Klepp. Ho var godt førebudd på å bli bondekone. På heimegarden hadde dei kyr og dyrka potet, kålrabi og mykje gulrot. Så ho lærte tidleg å luka

i gulrotåkeren. Såsnart ho var ferdig med folkeskulen og konfirmert fekk ho seg teneste på Gruda. Det var god lærdom. Ho gjekk også på framhaldskule ein vinter, og seinare på vekkurs. Seinare fekk ho læra å sy kjolesaum på Øglænds konfeksjonsfabrikk på Sandnes. I dei åra ho blei kjend med Jonas, då sykla ho rundt i Klepp som sydame. Ho hadde ei eldre syster som gjekk på Industriskolen i Oslo. Ho lærte Lilly å rissa. Dei reiste begge rundt og sydde. Dei gifta seg same sommaren – begge to i sjølvsydde brurekjolar. Dei flytta heller ikkje tomhendte heimanfrå. Kunnskapen frå vekurset blei nyttta til å veva gardiner og dynetrekk.

Gardsdrifta på Opheim var ikkje ulik det ho var van med heimanfrå. I 1955 hadde dei 11 mjølkekyr på båsen og 8 ungdyr, 2 purker og 44 slaktegris. I hønsehuset sat det vagla 150 høner. Dei dyrka gulrot, potet og korn. Men det var også nokre nye ting. Ho var van med at dei

Farmor, Lilly (Borghild) Wiig, heime i stova saman med eldste dottera Anne Magrethe Aanestad hausten 2000.



slakta heime om hausten. Men på Vik var dei begynt å frysa noko av kjøtet alt før 1948. Dei leigte seg plass i meieriet på Bryne. Dei hadde også mjølkemaskin på garden då ho kom. Ho lærte seg å mjølka, slik at ho kunne gjera det i eit knipetak, men det var aldri hennar arbeid å gå i fjoset. Det var Jonas og broren Nils som mjølka. Frå 1920 til 1966 leverte dei mjølka til Orre meieri. Det var levering med hest og kjerre fram til dei fekk seg lastebil i 1952. Då Orre meieri la ned, leverte dei til Nærbø meieri. Då begynte dei samtidig med tankhenting av mjølka.

Dei første åra blei travle med barnefødslar: Anne Margrethe fødd i 1949, Else Brit i 1952 og odelsgutten Jarle fødd i 1955. I samband med generasjonskiftet blei heimehuset påbygd med kårbustad mot sør. Dei hadde felles inngang, men kvar sin husholdning. Jonas og Lilly leverte følge til kårfolket. Dei skulle ha mjølk, egg, kjøt og heimekinna smør. Det var mjølka frå helga som dei separerte og kinna av. Dei leverte også torv som del av folga. Opheim hadde ikkje rett til å skjera torv på eigen gard. Dei skar på Grødal land i Klepp så lenge farmor levde. Då ho død i 1959 blei det slutt. Lilly hadde også ansvar for å vaska kleda for svigerforeldra og å vela om (gjera reint i huset). Dessutan hadde Jonas ein bror, Nils, som budde hos dei i alle år og var med i kosten. I dei åra barna var små hadde dei tenestejente som var med i arbeidet inne. Sommarstid hadde dei nok ei jente i desse åra.

Arealet på garden blei drive i vekselbruk. Det var eit skifte mellom to år med potet (10-15 mål), eitt år med gulrot (10-15 mål), eitt år med eng og korn (15 mål) som dekksæd. Så vart dette arealet nytta til eng i opptil 5-6 år før dei sette potet igjen. 3-6 mål blei nytta til formargål og mainepe. Kornet dei dyrka var bygg

og havre. Dei dyrka stamsæd i mange år. Det vil sei korn som skulle nyttast til såkorn. Då måtte kvaliteten vera god. Så midtsommars kom kontrolløren for å sjå på kvaliteten i åkeren. Det kornet som ikkje kunne brukast til stamsæd, gjekk til fôr.

Når dei tok sandjorda i bruk, var det viktig å så tidleg på våren mens jorda var fuktig. Frå 20.mars til midten av april var beste tida for tidleg-gulerøtene. Kom det likevel storm og vind, så var det bare å så på nytt. Det var dei gongene bøndene sådde oppigjen tre gonger pga dette. Ein måtte ikkje så seinare enn 1.juni for å få avling.¹⁶ Dengong som nå var det travelt når haustinga sette inn. Dei to døtrene budde heime til dei var 15 år, då flytta dei ut for å gå vidare på skule og kom berre heim i helger og feriar. Dei var mest med på luking om sommaren og litt mjølking. Elles leigde dei inn konegjengar til opptak av gulrot og potet. Konene arbeidde i 4-5 timer kvar dag, frå kl.10 til kl 14-15. Dei brukte som regel dei same konene, to gjengar frå Undheim. I gjengane var det 3-4 stykker, dei kom gjerne sjølv frå gard som ikkje hadde grønnsakproduksjon. Dei kom med buss om morgonen når dei var ferdig med arbeidet på eigen gard. Jarle fortsette med konegjengar i sesongane heilt fram til 1978.¹⁷

Gulerøtene vart lagt i tilhengar og vaska og skrubba med skrubbert. Deretter la ungane dei i plastposar før dei vart vegde. Dei skulle vege 1 kg, dersom dei ikkje vart lagde i 25 kg papirposar. Dei leverte til Gartnerhallen eller private grossistar etter kven som kunne ta imot. Grossistane var m.a. Meling & Braut i Klepp og I.Time på Bryne. Gulerøtene vart sprøyta med white spirit der det var mest ugras. Dei luka ein gong, tynna og luka to gonger til.

Dei hadde ein andel i potetmjølfabrikken og dekka



Hos Jonas J. Wiig på øvre Wiig tar Frøylandsgjengen opp de beste gulrøttene Jonas har hatt på tyve år. Røttene har stått på myr og har ikke lidt noe på grunn av tørken i sommer. Det lir mot slutten av gulrot-tiden nå og konegjengene har gode dager.
Avisutklipp frå 1960-talet.

opp kvoten der med nokre mål. Fordelen var at dei tok imot alt, ein trong ikkje sortere potetene først. Resten var tidleg-poteter. Dei vart pakka i sekker på 25 kg. til grossist.

Om vinteren sorterte dei potetene og gulerøtene som ikkje var selde som tidlegprodukt. Heile familien var med, dei kraup på kne i grønnsakbingen og hadde ei pære over til lys.

Grønnsaker og husdyr - Jarle og Torunn frå 1976


Jarle var tidleg interessert i grønnsakdyrking. I 1966, 11 år gammal, gjorde han dei første forsøka med gulrot under plast. Faren hadde ikkje prøvd dyrking av fri-landsgrønnsaker under plast, men Jarle hadde sett på naboen og maste seg til to rekker med gulrot. Han hadde bøylar og to rullar à 100 m solfangerplast. På den tida hadde dei opptil 12-14 mål gulrot, fem mål

tidleg og sju mål sein gulrot. Det neste året, 1967, lantet han drivbenkglass, sådde og planta ut kål og blomkål. Blomkålen vart teken av frosten, medan kålen klarte seg godt. Han leverte tidlegkål til grossisten Vervik i Sandnes til 17. mai. Prisen var god, 2 til 3 kroner kålen, til sammen 6-700 kroner. Han hadde kål i to år og alte plantene opp i drivhus hos naboen, deretter gulrot under plastikk.

Etter folkeskulen gjekk Jarle på Øksnavad jordbrukskule. Han var ikkje meir enn 20 år då han overtok heimegarden. Det skjedde så tidleg fordi faren vareindel sjuk. For Jarle var valet anten å gå ut i anna arbeid eller få ansvaret og bestemma drifta sjøl. Ei kone hadde han alt skaffa seg. Jarle og Torunn gifta seg i 1974. Det skjedde samtidig medat Jarle reiste i militæret, så Torunn flytta ikkje til gards før i 1975. Då var den første av barna, Jone, alt fødd. Det blei mykje nytt for Torunn

desse åra. Ho vaks opp på Lura, like utanfor Sandnes sentrum. Her dreiv faren med billopphogging. I oppveksten var Torunn aktiv turnar i Sandnes og etter ungdomskulen gjekk ho idrettslina på Sogndal folkehøgskule. Etter dette begynte ho i arbeid på Nærlandsheimen, nokre kilometer sør for Vik. Her tok ho også hjelpepleien. Så reint geografisk var ikkje spranget så langt då ho flytta til Vik. Men alt som heiter gardsarbeid var nytt. Det blei nokre hektiske år. I samband med generasjonskiftet blei det bygd folgehus på garden. Det var ferdig sommaren 1975. Den nye familien hadde god plass i det gamle gardshuset, men det kom i alt tre gutter dei neste åra som var med å fylla huset.¹⁸ Når Torunn i dag ser tilbake kan ho ikkje peika på nokon vanskeleg overgang frå by- til bygde- og gardssamfunnet. Ho blei raskt trekt med i organisasjonsarbeidet i bygda, både som turninstruktør og i bondekvinnelaget. Samarbeidet med svigerforeldra var godt, spesielt roser ho Lilly for klokskap og hjelp. Då diskusjonen for nokre år sidan gjekk høgt om vanskelege svigermødre på gardane, var Torunn blant dei som meinte det blei for mykje negativ fokusering.

Då Jarle overtok var han usikker på kva drift han skulle satse på. Han tenkte på å byggja drivhus, men la det frå seg fordi han hadde ikkje kunnskap eller erfaring frå slik drift. Dei satsa mykje på frilandsgrønnsaker. Då kjøpte dei småplantene frå naboen, Kåre Wiig. I 1982 laga dei til kunstig vekstrom til oppal. I 1985 fekk dei sjansen til å kjøpa eit gammal drivhus som dei kunne bruka til oppalshus for småplanter. Her kunne dei ala opp 60-70.000 småplantar, 40.000 av dei beheldt dei sjølve, resten vart selde. Det var hovudsakleg kålrabi, blomkål og sommarkål. Dei første åra prøvde dei seg også med agurk ein sesong og så cherrytomater i to




Torunn Wiig i ferd med å sette nokre av dei 30 000 kålplantene på garden i 1984. Kvar plante blei sett i jorda for hand.
Foto teke av Stavanger Aftenblad.



Hybelhuset som Jarle og Torunn har bygd dei siste åra. I høgre del er det to hybler med felles inngang og bad i midten. Til venstre er ein av dei to andre hyblane i dette huset.

Oscars Ciss frå Latvia steller seg mat på hybelen



Dei slutta med høner. Av husdyr hadde dei då igjen 12-15 kyr og ungdyr av eigne kalvar, 14-18 stykker. Det har med andre ord vore ei kontinuerleg utvikling og endring i drifta på Opheim.

Jarle har i alle år vore aktiv i ulike organisasjoner. Først var han med i 4H, både før og etter barna var med. Han var med i leiinga i idrettslaget og bondelaget. Frå 1992 har han vore med i Jæren Gartnerlag. Det sit han nå i styret. Frå 1998 har han vore med i gartnerseksjonen i Norsk Gartner forbund. Han har også vore med i oppbygginga av kulturklubar for ulike produkt som kålrot og blomkål.

Frå konegjengar til moderne arbeidsvandring

I grønnsakproduksjonen hadde dei heile tida behov for ekstra arbeidskraft på garden. Søster til Jarle, Anne Margrethe, blei gift på Varhaug. Ho hadde med seg koner derfrå og var med i gulerøttene fram til dei kjøpte gulrottopptakar i 1978. Etterkvart som dei auka produksjonen av frilandsgrønnsaker, var det behov for mange hender når plantene skulle i jorda. Dei brukte blant anna skulekorpset og idrettslaget desse dagane. Eitt par av nabojentene arbeidde også ganske fast kvar sesong i mange år.

Men frå 1994 har dei nytta utanlandsk arbeidskraft. Organisasjonen "Atlantis" har dei brukt frå 1995. Dei første åra kom ungdommane frå Litauen og Bulgaria. Det var studentar som kom opp og tente slik at dei hadde både ei og to årslønner då dei reiste heim. Det var nok det som gjorde at dei var fornøydde, og at me var fornøydde, seier Jarle.


Første året, i 1994, budde sesongarbeidaren saman med familien i heimehuset. Men familien på fem ville helst ha huset for seg sjøl. Å ha arbeidsfolk ute er greitt, men når du i tillegg skulle dela kjøkken og bad, så var det noko som kunne gå i ein overgang, men ikkje på meir permanent basis. Jarle og Torunn fann ut at om dei skulle satsa på utanlandsk arbeidskraft, så måtte dei også ha plass for dei. Den første hybelen innreidde dei på loftet i garasjen. Det kan bu tre personar på den hybelen. Året etter bygde dei to hyblar ut frå drivhuset, med to senger i kvar. Det er bad og toalett i brunnhuset. Den fjerde og femte hybelen blei bygd i 1997 i forlengelsen av nummer to og tre. På desse hyblane kan det bu opptil tre personar på kvar. Her er det felles bad og toalett. Nå har dei rom for 12 personar i alt. Hyblane er utstyrt med komfy, kjøleskap, TV og det som trengs av sengtøy

og dekketøy. Dei har også tilgang på vaskemaskin til klesvask. Husleiga blir rekna frå i den løna dei får utbetalt. Dei ordnar seg med mat sjøl, men har tilgang til det som blir produsert på garden. Torunn haretterkvart måtta laga husreglar, for alle er ikkje like vane med å ha ansvar for husstell og matlaging.

Dei mange sesongarbeidarane på Opheim er del av eit større bilet. I 1999 var det 5.664 utanlandske sesongarbeidare i Norge som arbeidde i grønnsaker, frukt og bær. Det var 434 av desse i Rogaland. Dei utførte 24% av alle timeverk i denne produksjonen.¹⁹ Etter dette har talet auka sterkt. I 2001 har Rogaland ei kvote på 1300 utanlandske gjestearbeidare.

Kven er så desse utlendingane? Dei har sjølv sagt ulike historiar å fortelja. Eg snakka med alle som var innom på Opheim dette året. Nokre få snakka eg meir med.²⁰ Det var bl.a. dei to bulgarske brørne som er gjen-

Brørne Dino og Melih Hadiev frå Bulgaria slappar av med eit slag sjakk på hybelen.



gangare på garden, Dino og Melih. Eg trur deira historie illustrerer situasjonen for mange av desse austeuropiske sesongarbeidarane.

Dino f.1972 var den første Jarle og Torunn fekk gjennom organisasjonen Atlantis. Han kom hit i 1995 og har vore her kvar sommar sidan, med unnatak av eit år han avtente verneplikt. For å komma til Norge første gong reiste han tre døgn med buss: Sofia, Beograd, Slovakia, Tjekkia, Tyskland – ferje til Oslo og nattoget til Bryne. Det var ei skremmande oppleveling å reisa åleine, utan å kunna språk. Då han kom til Kristiansand og toget begynte å gå bakover – mot Oslo, trudde Dino – blei det helst for mykje. Var han komen til endestasjonen utan å finna Bryne?

Han kom til Bryne, og Jarle og Torunn tok vel imot han. Han arbeidde saman med ein student frå Litauen. Dei to blei gode vener. Dei kunne snakka russisk saman. Litaueren var god i engelsk, og det hjalp i kontakten med folka på Vik.

I 1996 fekk han med seg broren Melih f.1975. Han har også vore på Vik kvart år sidan. Dei to brørne høyrer til dei om lag 8% av bulgararane som er tyrkare. Forfedrene var bønder. To av oldefedrene deira hadde store gardsbruk. I 1955 blei desse konfiskerte av kommunistane. Både jord, maskinar og utstyr gjekk inn i kollektiva.

Gutane vaks opp på eit jordbrukskollektiv der far var agronom, med bl.a ansvar for sprøytinga. Dimensjonane på bulgarske kollektivbruk var store. Dei sprøyta åkrane frå småfly. Men dei opplevde også jordbruk i mindre skala. Bestefar deira budde i ein landsby der han dreiv ein liten gard. Han hadde 15 – 20 sauar, 2 – 3 kyr og ein hest. Han dyrka grønnsaker, men bare til eige bruk. Han hadde ikkje lov å selja noko i kommunisttida.

Dino valde å utdanna seg innan jordbruk. Då han

begynte på universitetet hadde han kontakt med eit jordbrukskollektiv som lova han arbeid såsnart han var ferdig. Dino var fem år på universitetet. Hanspesialiserte seg på maisproduksjon fordi den delen av Bulgaria der han kjem frå, er spesielt gunstig for mais. Han lærte å planlegga produksjonen på bruk i storleiken 20.000 dekar. Men den dagen då han stod med eksamenspapira i handa var det ikkje lengre noko jordbrukskollektiv som kunne tilby han arbeid. I åra etterpå har han bare hatt tilfeldige jobbar.

Etter kommunismens fall mista også far deira sitt arbeid. Han måtte forlata jordbruket og fann seg industriarbeid. Sjølv det arbeidet var vanskeleg å behalda. Så nå har foreldra flytta til Tyrkia. Der arbeider faren på eit garveri.

Flyttinga til Tyrkia skuldast at kommunistane frå 1985 til kommunismens fall i 1989 dreiv det Dino og Melih karakteriserte som forfølgning av tyrkarane. Dei skulle "bulgariserast" og fekk bl.a. nye pass med bulgarske namn istaden for sine tyrkiske. Den utviklinga blei stoppa då kommunistane forsvann, men førte likevel til at mange forlot Bulgaria til fordel for Tyrkia, då dei fekk høve til å reisa utanlands.

Så i dag ser Dino for seg ei framtid i Tyrkia og ikkje i Bulgaria. Melih har framleis sterke band til Bulgaria, men også han står utan jobb etter at han fekk eksamen som ingenjør i automatisering i 1999.

Begge to er svært glade for å kunna arbeida i Norge nokre månader kvart år. Dei første åra finansierte dette studia deira. Nå kan dei legga seg opp noko pengar slik at dei kan etablera seg heime. Dino har ein klar framtidssdraum. Han vil bli grønnsakprodusent, slik som Jarle, like utanfor Istanbul.

Det er fleire enn desse to som kjem frå Bulgaria til



Tone Lise og Tilla kom ofte med kaffe og kjeks når det var lange økter i drivhuset. Denne dagen var det Jone og Ihor fra Kviterussland som arbeidde med tomatplantene.

Vik på arbeid. Eg prata med m.a Miroslav som var hos Andreas, naboen til Jarle. Han sa det slik: "Norske grønnsakbønder lever godt på kommunismens fall i Aust-Europa." På den eine sida får ikkje norsk jordbrukskonkurranse frå austeuropeiske jordbruksvarer og i tillegg får dei god tilgang på veludtanna og arbeidsvillige studentar. Hans historie likna på den Dino og Melih fortalte. Han hadde vore i Norge fleire år, først for å få

praksis til jordbruksutdanning, i tillegg til pengane. Nå var han ferdig med agronomutdanninga og heldt på med økonomisk utdanning. Arbeidet i Norge finansierte dette.²¹

Avslutning

Kva er så resultatet av eitt åra feltarbeid på Vik? Det har gitt oss innsyn i ein svært mangfaldig arbeidsplass. Her

fann me eit arbeidsfellesskap som viste seg å vera langt meir omfattande enn eg såg føre meg i forkant. Museet ønskjer å gjera liknande dokumentasjonar på andre gardsbruk, men andre jordbruksproduksjonar i framtida. Innsikta frå Opheim vil gjera det lettare å kartlegga tilsvarande forhold i større breidde.

Me har fått dokumentert ei lang rad arbeidsprosessar. Me har bl.a. meir enn 1000 digitale foto, 1200 lysbilete og 5-6 timer videooppakt. I tillegg kjem intervju og notater.

På sikt ønskjer museet å legga til rette dette materialet slik at publikum kan få sjå foto og video på museet og

Noter:

¹ Åse Asheim Lange "Dokumentasjon av dagens landbruk i Oppland – Melbostadprosjektet", Dokumentasjon av samtid og nær fortid 1900-tallsmateriale. Rapport fra seminar om norsk jordbruk, NKKM og Norsk Landbruksmuseum, Oslo, 1985, side 21 – 30.

² Tidlegare Landbrukskretsens Priscentral (LPC)

³ Bondevennen nr.13 - 2000

⁴ Intervju JÆL273

⁵ Eit hold er den mengda grønnsaker som blir sådd på ei tid.

⁶ Myndighetene har kvart år ein kvote for gjestearbeidare som bønder og gartnere kan søka på. Arbeidarane får opphold og arbeidstillatelse for ei avgrensa tid.

⁷ JÆ VIK Feltdagbok 171

⁸ JÆ VIK Feltdagbok 170ff

⁹ JÆ VIK Notatbok 2-72.

¹⁰ JÆ VIK Notatbok 2-70.

¹¹ Axel Sømme: Jordbruks geografi i Norge. A. Tekstbind, Bergen 1954:192.

¹² Olav R. Skage: Landsbygd i utvikling. Ei granskning av landskapsutviklinga i Klepp kommune på Jæren etter 1800. Oslo 1967: 23ff

¹³ Sømme 1954:195

¹⁴ I heile Klepp kommune var det 26 183 mål åker og kunsteng, og 6000 mål natureng på innmark ifølgje jordbrukssteljinga i 1907. Dei neste 11 åra blei det nydryka heile 6000 mål. Utetter i 1920-åra auka dette ennå meir. Til 1940 var det dyrka arealet kome opp i 45 000 mål og på grunn av krigen var talet mest det same i 1949: 46 700 mål.

¹⁵ Intervju på Jærmuseet JÆL 254.

eventuelt også gjennom heimesida vår på Internett. Ei hensikt med prosjektet var også at det skulle gje oss bakgrunn for å samla gjenstander til museet. Me har alt sikra oss eindel plastgjenstander frå Vik: vekstkuber, pluggbrett, plastfoliar osb. Dei større gjenstandane som haustevogn og gulrotopptakar får komma seinare.

Dette prosjektet hadde ikkje late seg gjennomføra utan den velviljen som me har møtt hos alle på Opheim og i omkretsen rundt garden. For museet er denne positive haldninga uvurderleg. Det gjer oss mot til å gå laus på nye prosjekt i tida framover.